



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/69 - 19/34924

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

27.11.2019

Stadfesting på motteken klage på vedtak datert 30.10.19 dispensasjon og løyve til frådelling av bustad nr. 2 - gbnr 106/6 Fanebust

Tiltak: oppretting av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 106/6 Fonnebostvegen 168
Tiltakshavar: Lars Arne Kolås
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 26.11.19.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen skal handsamast av utval for plan, areal og miljø i Alver Kommune. Første møte er sett til 12.02.2020.

Handsaminga i utval for plan, areal og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settesfylkesmann for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det ikkje bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 30.10.2019. Kommunen kan på sjølvstendig grunnlag vurdere å gje utsett iverksetting.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje uopretteleg skade eller tap for partane.

Saka gjeld dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og løyve til frådelling av ny grunneigedom. Det vil vere til ugunst for partane at kartforretning er gjennomført før klagen er endeleg handsama.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak - Lindås - 106/6 Fanebust - frådelling av grunneigedom - dispensasjon
AcosSvarInn.xml

Kopi til:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Lars Arne Kolås	Fonnebostvegen 170	5955	LINDÅS
Lars Arne Kolås	Fonnebostvegen 170	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------